

Foreldreinfo februar

DALANE KULTUR festival

I samband med kulturfestivalen vert barne- og ungdomsskuleelevar invitert til fotokonkurrans. Tema er «LYS». Beste foto vert premiert med gavekort på Eigersund kino. Sjå meir info på [heimesida](#).

FAU/SU/SMU

- Digitalt møte i SU/SMU 17.02.21. De finn referatet [her](#).
- FAU og skulen har blitt einige om å flytta alle felles foreldremøte til etter påske slik at det er ein større sjans for å få lov å samla alle fysisk. Alternativet blir digitale foreldremøte dersom det då ikkje er opna for større samlingar enn 10 pers.



Flinki-løype

Skulen vurderer å laga Flinki-løype for elevane i nærområdet. Denne kan brukast for å øve på trafiksikkerheit på sykkel. Målet med løypa er å læra seg å bevega seg trygt i trafikken, men og å få opp engasjementet rundt sykling. Løypa skal og brukast på fritida der føresette kan øva saman med borna. De kan lesa meir om Flinki [her](#).

Me vil senda ut meir info når løypa er klar til bruk.

Heim-skule samtaler

I vår er første gongen føresette vil få sendt heim fagvurderingar via Visma flyt skule. De får tilgang til desse før samtalen og me ber dykk lese gjennom for å sjå om de har spørsmål de vil ta opp på samtalen. Snakk om med barnet om dei har noko spesielt dei vil de skal ta opp med kontaktlærer. Sjå elles innkallinga for fleire samtalepunkt.

Barnetrinnet skal ha sine samtaler i veke 10-11 og ungdomstrinnet i veke 12.

Hugs trivselsundersøkinga 😊




Uteområdet U.trinn

I løpet av februar har me hatt befaringar frå ulike firma som vil levera løysingar på korleis me skal gå vidare med uteområdet på skulen. Halvtak, sitjeplassar og tiltak som kan skapa aktivitet er stikkord for planane. Me gler oss til å sjå kva me kan få til for dei midlene me har fått i 2021-2022.



Gratulerer med morsdagen 14.februar



Mamma
jeg står her nå
rett opp og ned
fordi du lærte meg
å finne ut av det sjøl
ikke krabbe rundt
på alle fire og se verden
nedefra og opp
men å reise meg
på nytt og på nytt
det er alltid din stemme
jeg hører
når jeg trenger at noen sier
sånn ja opp igjen

Trygve Skaug

Foreldreinfoen kjem tidlegare denne månaden grunna vinterferien i månadsskiftet. Elevane har fri veke 9.

Nyt dei lysare dagane – no nærmar det seg vår!

Mvh

Svanhild Gjedrem

Rektor Vikeså skule

